



Høyringsutkast
Retta 8.1.2021

Handlingsprogram- Grøn verdiskaping

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling
2021-2033



Vestland
fylkeskommune

Innhald

1. Handlingsprogram 2021	3
Samarbeid og forpliktande partnarskap	4
2. Oppdrag i 2021.....	5
Koordinering av arbeid med handlingsprogram	5
Grøn næringsutvikling	6
Innovative og inkluderande samfunn	7
Areal for næringsutvikling.....	8
Verkemiddel	9
Resultatmåling og evaluering.....	10
Definisjonar / Ordliste	11

1. Handlingsprogram 2021

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling er ein 12-årig plan, og vil bli følgt opp med fleirårige handlingsprogram som vert vurdert for rullering årleg i samsvar med plan og bygningslova (tbl) § 8-1. Planen er overordna og har eit langsiktig perspektiv. Vi skal gjere aktuelle og dynamiske prioriteringar i heile planperioden. Planen blir konkretisert gjennom fireårige handlingsprogram og årsplanar.

Eit fireårig handlingsprogram skal sikre forpliktande samarbeid i partnarskapen og bidra til å prioritere satsingar for å nå målsettingane. Gjennom årsplanar og oppfølging i budsjett og økonomiplan sikrar vi mindre kursjusteringar og økonomiske og administrative rammer for å setje i verk planen. I oppfølginga av utviklingsplanen skal det også jobbast for betre kopling mellom fylkeskommunen sitt budsjettarbeid og oppfølging av utviklingsplanen.

Det har ikkje vore tid hausten 2020 til å jobbe grundig nok med eit fireårig handlingsprogram. Arbeidsgruppene har jobba intenst med å utforme mål og strategiar for plantema, og så er desse blitt omforma til satsingar. Ei konkretisering av satsingane i eit fireårig handlingsprogram, med fordeling av ansvar og konkretisering mål og tiltak og ressursbruk knytt til dette har ikkje vore mogleg å få til gitt den knappe tida vi har hatt til rådvelde. Det blir difor lagt opp til at handlingsprogrammet som følgjer planen blir eit kortsiktig program for 2021 med hovudføremål å konkretisere og jobbe ut eit handlingsprogram for 2022-2025, eventuelle årsplanar for 2022 og samordning med budsjettarbeidet for 2022.

Det blir sett av noko midlar i handlingsplan for innovasjon og næring i 2021 til å starte opp arbeidet med til dømes Smart Spesialisering, entreprenørielle oppdaginger og naudsynt analysekapasitet. Handlingsplanen er ei konkretisering av budsjett 2021, og har såleis ikkje noko rolle knytt til regional plan utanom å sikre nok ressursar til å utarbeide plandokumenta, kunne bestille naudsynte analysar og førebu oppstarten av nokre oppgåver som ein uansett veit ein skal gjennomføre.

Den regionale planen for innovasjon og næringsutvikling er ein felles plan for heile fylket og er førande for både kommunal sektor og regional stat. Som regional plan skal den leggjast til grunn for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen. Det vil seie godkjent regional plan skal inngå i grunnlaget for sektormyndigheita si sakshandsaming og er retningsgivande for sektorstyresmaktane.

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling er forankre i den regionale partnarskapen og vidare gjennom brei deltaking i arbeidsgruppene som har gitt innspel til målsettingar og innsatsområde. Den regionale planen definerer mål og satsingane det skal arbeidast med, men ikkje korleis sette planen ut i live. Handlingsprogrammet vil detaljere dette. For å førebu enkelte tiltak i 2022, vil det i samband med konkretisering av fylkeskommunen sitt budsjettvedtak for 2021 verte forskoterte enkelte førebuande oppgåver. Døme på slike oppgåver er: regionale analysar, ei oppfølging av scenario-analysa hausten 2020, for å finne sterke næringar i ulike regionar i fylket, og forstudie knytt til

oppdagingsprosessar og smart spesialisering, for å skaffe relevant erfaring. Dei store omstillingane det er behov for hastar og vi må førebu dei best mogleg.

Saman med partnarskapen vil vi bruke 2021 til å detaljere eit fleirårige handlingsprogram for perioden 2022-2025 forankra i satsingane i planen. Arbeidsgruppene som har gitt innspel til den regionale planen har i varierande grad også kome med innspel til gjennomføring av planen. Desse innspela vil danne grunnlag for arbeidet med å lage eit fleirårleg handlingsprogram. Vi vil nytte høyningsperioden til å få ytterlegare innspel.

Samarbeid og forpliktande partnarskap

Den regionale planen skal leggast til grunn for regionale organ si verksemد og for kommunal og statleg planlegging og verksemد i fylket, jamfør pbl § 8-2. Planen forpliktar partnarane som har ansvar for innhald og oppfølging av planen. Fylkeskommunen som regional utviklingsaktør har ansvar for leiing og koordinering, og dei andre partane skal vere likeverdige aktørar i oppfølging av planen. Partnarskap skal vere styringsforum i oppfølging av planen. Alle deltagarane må ta ressursar inn i arbeidet. Partnarskapen skal jobbe saman om oppfølging av planen, utvikling av handlingsprogram og andre større vedtak. Partnarskap er forpliktande og blir regulert av ein partnarskapsavtale eller gjennom mandat for arbeidet. Næringsforum Vestland er sentral i dette. Eit godt samarbeid, gode møteplassar og avklarte prosessar knytt til oppfølging av planen er sentrale prinsipp i gjennomføring av arbeidet.

I samband med utforming av handlingsprogrammet må det lagast avtalar om bidrag og gjennomføring av tiltaka.

2. Oppdrag i 2021

Koordinering av arbeid med handlingsprogram

Temamål: Legge fram eit handlingsprogram for perioden 2022-2025

Aktørar:

Vestland Fylkeskommune
Næringsforum Vestland styringsgruppe

Tiltak i 2021:

Tiltak / Aktivitet	Ansvar og oppfølging	Korleis
Lage mandat og oppnemne arbeidsgrupper	Vestland fylkeskommune	
Sikre gjennomføring av arbeidet		Oppfølging av arbeidsgrupper
Basert på innspel frå arbeidsgrupper sy saman handlingsprogrammet		
Styringsgruppemøte		Møte med næringsforum
Etablere felles ein kommunikasjonsplan og forpliktande samarbeid		Lage ein kommunikasjonplan der alle forplikter seg til å bidra
Lage forpliktande avtalar med dei som skal bidra i arbeidet		For gjennomføring av handlingsprogrammet trengs det forpliktande avtalar med dei som skal bidra

Grøn næringsutvikling

Temamål: Næringslivet i Vestland er klimanøytralt i 2033

Strategiar:

- Forme om næringslivet til ei berekraftig framtid
- Grønt næringsliv i heile fylket
- Lukke eksportgapet

Aktuelle aktørar:

Vestland fylkeskommune, Innovasjon Norge, NAV, KS, kommunane og regionråda, Siva, Arbeidslivsorganisasjonane, Bergen næringsråd, Sogn og Fjordane næringsråd, Norges forskingsråd, Universitets-, forskings- og høgskulesektoren, Vestland fylkeskommune sine medverkignsorgan for ungdom, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Tiltak i 2021:

Tiltak / Aktivitet	Ansvar og oppfølging	Korleis
Oppnemne arbeidsgruppe som skal lage innspel til fleirårig handlingsprogram	Vestland fylkeskommune	Fylkeskommunen inviterer representantar for partnarskapen og andre relevante aktørar til ei arbeidsgruppe som skal gi innspel til handlingsprogrammet
Lage innspel til detaljert handlingsprogram for 2022-2025		Opprette arbeidsgrupper som bruker innspela til planen og innspel gjennom høyringsprosessen til å definere handlingsprogram og tiltak for perioden 2022-2025
Definere korleis vi skal arbeide med Smart spesialisering og oppdagingsprosessar		Smart spesialisering er peika på som metode for å arbeide med å omstille til grøn næringsutvikling. Korleis skal vi ta det i bruk? I 2021 vil det bli gjennomført ein eller fleire forstudie som vil kunne gi fylket erfaring med denne metoden.
Vurdere kven som skal delta i partnarskapen for å gjennomføre		Plassere og fordele ansvar for gjennomføring

Innovative og inkluderande samfunn

Temamål: Verdiskaping og nye grøne arbeidsplassar i heile fylket

Strategiar:

Utvikle berekraftige og inkluderande bu- og arbeidsmarknadsregionar

Dele og dra nytte av innovasjonsinfrastruktur uavhengig av geografi

Bygge kultur for innovasjon og medverknad

Aktuelle aktørar:

Vestland fylkeskommune, Innovasjon Norge, NAV, KS, kommunane og regionråda, Siva, Arbeidslivsorganisasjonane, Bergen næringsråd, Sogn og Fjordane næringsråd, Norges forskingsråd, Universitets-, forskings- og høgskulesektoren, Vestland fylkeskommune sine medverkignsorgan for ungdom, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Tiltak i 2021:

Tiltak / Aktivitet	Ansvar og oppfølging	Korleis
Oppnemne arbeidsgruppe som skal lage innspel til fleirårig handlingsprogram	Vestland fylkeskommune	Fylkeskommunen inviterer representantar for partnarskapen og andre relevante aktørar til ei arbeidsgruppe som skal gi innspel til handlingsprogrammet
Lage innspel til detaljert handlingsprogram for 2022-2025		Opprette arbeidsgrupper som bruker innspela til planen og innspel gjennom høyringsprosessen til å definere handlingsprogram og tiltak for perioden 2022-2025
Vurdere og peike på kunnskaps- og forskingsbehov i gjennomføring av handlingsprogrammet		Gi innspel til kva kunnskaps- og forskingsbehov satsinga kan sjå behov for i gjennomføring
Vurdere kven som skal delta i partnarskapen for å gjennomføre		Plassere og fordele ansvar for gjennomføring

Areal for næringsutvikling

Temamål: Rett areal til rett føremål til rett tid.

Strategiar:

- Oppdateringa av kunnskapsgrunnlaget, med vekt på sjø- og fjellareal
- Oppdaterte planar gjennom interkommunale planar eller interkommunalt samarbeid om plankompetanse
- Regional samordning mellom kommunar, regional stat og fylkeskommunen i høve planlegging av næringsareal
- Tilgang til næringsareal er basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn omstilling og innovasjon i næringslivet
- Utarbeide rammer for rekkefølgjekrav i samband med utarbeiding av næringsareal
- Det vert arbeidd med å optimalisere tidsbruk i planlegginga

Aktuelle aktørar:

Vestland fylkeskommune, Statsforvaltar i Vestland, KS, kommunar og regionråd, forskingssektoren

Tiltak i 2021:

Tiltak / Aktivitet	Ansvar og oppfølging	Korleis
Oppnemne arbeidsgruppe som skal lage innspel til fleirårig handlingsprogram	Vestland fylkeskommune	Fylkeskommunen inviterer aktuelle representantar for partnarskapen og andre relevante aktørar til ei arbeidsgruppe som skal gi innspel til handlingsprogrammet.
Lage innspel til detaljert handlingsprogram for 2022-2025		Opprette arbeidsgrupper som bruker innspela til planen og innspel gjennom høyringsprosessen til å definere handlingsprogram og tiltak for perioden 2022-2025
Vurdere kven som skal delta i partnarskapen for å gjennomføre		Plassere og fordele ansvar for gjennomføring

Verkemiddel

Temamål: Identifisere verkemiddel og pakke verkemiddel til bruk i oppdrag

Strategiar:

- Avklare behov og system for informasjon, opplæring og rettleiing av ulike virkemiddel.
- Arbeid med å sette saman verkemiddel saman med dei andre arbeidsgruppene, som kan stø opp om satsingane

Aktuelle aktørar:

Vestland fylkeskommune, Innovasjon Norge, NAV, Statsforvaltar i Vestland, KS, kommunar og regionråd, Norges forskingsråd

Tiltak i 2021:

Tiltak / Aktivitet	Ansvar og oppfølging	Korleis
Etablere ei arbeidsgruppe for verkemiddel	Vestland fylkeskommune,	
Lage ein oversikt over eksisterande verkemiddel		Eigarar av verkemiddel arbeider fram metaomtalar og døme. Arbeidsgruppa Beskrive eksisterande verkemiddel på metanivå
Avklare behov og system for informasjon, opplæring og rettleiing		
Lage forslag til verkemiddelpakker		Samarbeide med dei andre arbeidsgruppene for å rettleie og foresla verkemiddel som kan bidra til å nå mål i handlingsprogrammet for 2022-2025
Vurdere kven som skal delta i partnarskapen for å gjennomføre		Plassere eit ansvar

Resultatmåling og evaluering

Temamål: Lage eit resultatmålings og evalueringssystem

Omtale:

Saman med handlingsprogram og årsplanar vil det bli utarbeidd meir konkrete mål og strategiar for satsingane. Det skal også lagast eit indikatorsystem for å overvake utvikling i fylket og evaluere om tiltaka som iverksetjast fører til effektiv verkemiddelbruk og måloppnåing

Indikatorsystemet skal ha tre nivå:

- Nivå 1: Indikatorar for å overvake utviklinga i fylket og jamføre med andre geografiske einingar på overordna mål ved hjelp av offentleg statistikk, t.d. verdiskaping, eksportgap og klimagassutslepp.
- Nivå 2: Indikatorar for å prioritere satsingsområde og målgrupper.
- Nivå 3: Indikatorar for å måle resultat og effekt i ei definert målgruppe som verkemidlane er retta inn mot.

Det skal lagast eit dynamisk framstilling som viser utviklinga på dei tre nivåa.

Aktuelle aktørar:



Vestland fylkeskommune, NAV, Innovasjon Norge, NHO KS, Bergen kommune, NHO Vestland, LO Vestland, Bergen næringsråd, Sogn og Fjordane næringsråd

Tiltak i 2021:

Tiltak / Aktivitet	Ansvar og oppfølging	Korleis
Etablere ei arbeidsgruppe for indikatorar og presentasjon av dei	Vestland fylkeskommune,	
Lage ein oversikt over andre monitoring system	Vestland fylkeskommune, Innovasjon Norge, NAV, Fylkesmannen Vestland,	
Utvikle eit indikatorsystem	Vestland fylkeskommune	
Vurdere kven som skal delta i samarbeidet		

Definisjonar / Ordliste

Omgrep	Forklaring
Berekraft /Berekraftig utvikling	Bærekraftig utvikling er utvikling som tilfredsstiller dagens behov uten å ødelegge fremtidige generasjoners muligheter til å tilfredsstille sine behov. For å skape berekraftig utvikling må verdssamfunnet jobbe på tre områder: Klima og miljø - Økonomi - Sosiale forhold
Berekraftsmål	FNs berekraftsmål er verdens felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikhet og stoppe klimaendringene innen 2030
Entreprenørielle oppdagelsesprosesser	Prosessene for å finne fram til måter å videreutvikle spesialiseringene blir kalt entreprenørielle oppdagelsesprosesser. De tar utgangspunkt i at ingen aktører alene ser alle mulige videre utviklingsveier. Men når bedrifter, forskere og andre aktører får tilgang til kunnskap som er forskjellig fra deres egen, men ikke så forskjellig at de er ute av stand til å forstå eller bruke den, øker sjansene for innovasjon.
Grøn næringsutvikling	Grøn næringsutvikling betyr at produksjon, tenester og næringsaktivitet skal utviklast i ei retning som er meir berekraftig for miljø og klima, og i tråd med FN sine berekraftsmål.
Klimanøytral	EU definerer klimanøytralitet som utslepp fråtrekt opptak. Denne planen nyttar same definisjon, og legg til grunn følgande mål om å kutte CO2-utslepp og andre sterke klimagassar <ul style="list-style-type: none"> Visjonen om nullutslepp inneber eit mål om null fossile utslepp og at fossile drivstoff fasast ut av forbrenningsmotor. Andre sterke klimagassar enn CO2, som til dømes metan og lystgass, skal tolkast inn i definisjonen. Reduksjon av naturlege utslepp frå husdyr og gjødsel skal ikkje tolkast inn i definisjonen. Desse vil ikkje vere mogleg å redusere til null. Dersom utsleppa ikkje er råd å redusere, anbefaler vi aktørane til å sette ut (offset) ved kvotekjøp i medhald av GHG-protokollen. Planen anbefaler at for at fylket skal kunne styre etter utsleppsmål, må naturleg karbonfangst og karbonfangst og -lagring (CCS) og -bruk (CCU) defineraast inn og reknast som negative utslepp i klimarekneskapen. Det må avklarast korleis opptak av CO2 frå store nasjonale satsingar innan CCS skal kvantifiserast i fylka sine klimarekneskap.
Smart spesialisering	Alle regionar har særeigne moglegheiter og ulike føresetnader for næringsutvikling. Både regjeringa, OECD og EU anbefaler å utnytte disse forskjellane og skreddarsy politikken til kvar region. Smart spesialisering er en metode for å få det til.



vestlandfylke.no